



REGLEMENT UNGDOMSTAXI PR. 24.10.12

- 1) Skyssordning for ungdom kan nyttast av ungdom mellom 13 og 18 år som er busette i Hjelmeland kommune.
- 2) Med utgangspunkt i skulerute-traséen som eit minimum, kan brukarane stiga på/av ordninga ved næraste traffikkerte veg eller naturlege knutepunkt – rekna frå heimen.
- 3) Ordninga kan nyttast heile veka, dog med desse begrensningane:
 - Ordninga kan ikkje nyttast til private besøk utanom i helgene.
 - Ordninga kan ikkje nyttast til/frå skulen i skuletida.
 - Ordninga gjeld berre innanfor Hjelmeland kommune.
- 4) Brukarar/reisande frå Jøsneset/Jøsenfjorden og Ombo "går på ordninga" ved å starte reisa på Hjelmeland (Sande).
- 5) Brukarar som kjem med ferje og "går på ordninga" på Sande, betalar ikkje eigenandel.
- 6) Brukarar av ordninga som skal med ferje til Jøsneset/Jøsenfjorden eller Ombo og "går av ordninga" på Sande, betalar ikkje eigenandel.
- 7) Drosjesjåførane skal så langt råd er, søkja å samordna transporten. Det vert difor innført "bestillingstider" for ordninga.
- 8) Minimum 3 brukarar må nytta ordninga pr. tur for å utløysa skyss.
- 9) Eigenbetalinga vert sett til kr. 50 pr. tur og person, uansett strekning.
- 10) Ungdomstaxien kan brukast mellom klokka 07:00 og 00:30. Tidsfristen gjeld ikkje ved offentlege arrangement.

